

1 Vestland AP sitt industriutval – Uttale til representantskapet i  
2 Vestland AP

3 Noreg treng meir industri og ein ny industripolitikk!

4 Industrien skapar store verdiar og mange arbeidsplassar på Vestlandet. Vi vil gje vår industri  
5 ein større plass i vårt arbeids- og næringsliv. Vestlandet har mange fortrinn som gjer det  
6 mogeleg, med rik tilgang på naturressursar, høg kompetanse og konkurransefortrinn som  
7 ligg i «den norske modellen».

8 Når Korona-pandemien er nedkjempa skal vi ta fatt på ein ny tidsalder i norsk arbeids- og  
9 næringsliv. Hjula skal i gang igjen. Industriomnane skal produsera meir enn før. Utsleppa skal  
10 reduserast. Norsk ungdom skal atter ein gang ta landet inn i ei ny tid.

11 Under Høgreregjeringa ser vi at verdiskapinga og sysselsettinga i industrien fell. Noreg treng  
12 meir industri – og ein ny industripolitikk. I EU kom 17% av verdiskapinga frå industrien i  
13 2017. Sverige er på same nivå som EU, medan Noreg låg på 7% i 2018. Sysselsettinga i  
14 industrien har falle både målt i tal personar, og som ein del av den totale sysselsettinga i  
15 heile perioden 2000-2018. Denne utviklinga må vi snu, då vi veit at aktiviteten innan olje og  
16 gass vil gå ned dei neste tiåra.

17 Det ligg eit stort potensiale innan fleire industrielle sektorar, mellom anna kraftforeldande  
18 industri, verftsindustri, havbruk, maritim næring, samt råvare- og leverandørindustri.  
19 Mineralnæringa må utviklast vidare med høge miljøkrav og med vekt på produktutvikling og  
20 innovasjon.

21 Ein stor del av norsk industri står i dag i det teknologiske og grøne skiftet med interessante  
22 framtidsmogelegheiter. Bedriftene skal omstille seg til miljøvenleg produksjon. Vi må  
23 utnytte kompetansen, kunnskapen og dei menneskelege ressursane som industrien har.  
24 Dette er eit fortrinn som gjer at landet vårt kan bli leiande i verda på grøn teknologisk  
25 produksjon og omstilling.

26 Noreg har plass i Nordsjøen til å lagre all Co2 i mange tiår framover. Satsing på CCS vil trygge  
27 mange eksisterande arbeidsplassar i olje- og gassnæringa, og det vil skape mange nye  
28 arbeidsplassar fram mot 2050. Med ei auka satsing på CCS vil ein kunne nå måla i Paris-  
29 avtalen, sørge for industriutvikling, og få til ei meir rettvis omstilling. Ein vil også kunne nå  
30 måla om å skape nye arbeidsplassar i eit lågutsleppssamfunn.

31 Det ligg føre store investeringsplanar i industrien på Vestlandet. Fleire bedrifter peikar på  
32 utfordringar knytt opp mot eit stadig meir omfattande byråkrati – som igjen fører tid unødig  
33 lang tid på å fatte avgjerd i saker kring vilkår for tildeling og kjøp av kraft og utsleppsløyve.

34 Vestland AP vil at staten stiller opp med omstillingsmidlar gjennom ENOVA og gjennom eit  
35 fornya virkemiddelapparat.

36 Trepartsamarbeidet blir stadig viktigare for norsk industri. Dei bedriftene som lukkast med  
37 omstilling har høg medverknad og høg organisasjonsgrad. Vestland AP vil styrke det fagleg

38 politiske samarbeidet. Det er slik vi kan skape fleire jobbar i heile landet og sørge for ei  
39 rettvis omstilling. Det er ikkje vanlege folk som skal betale for klimakutta.

40 Ambisjonen om å ta ressursane våre i bruk, både på land og i havet, skal kjenneteikna vår  
41 industripolitikk. Framover må norsk industri få gode og langsiktige rammevilkår.  
42 Arbeiderpartiet vil ha eit nasjonalt løft for framtidens industrien. Industri basert på rein,  
43 fornybar kraft er eit av våre største fortrinn. Verdien av rein, fornybar og utsleppsfree kraft vil  
44 vere eit stort konkurransefortrinn i åra som kjem.

45 Vestland AP vil at staten set fokus på hydrogen. Industriell framstilling av hydrogen er ikkje  
46 noko nytt i Noreg, det har norske selskap gjort i snart hundre år. Hydrogen kan kutte utslepp  
47 i både transport, kraft- og industriproduksjon. Hydrogen kan blandast i gass, hydrogen kan  
48 brukast i skipsfart og på vegane, hydrogen kan brukast i norsk industri til å erstatte fossil  
49 energi.

50 Ser ein vekk frå 2015, då kraftprisen var omlag 25 øre, har kraftprisen auka, både for folk og  
51 industri. Nettleiga har også auka mykje, særleg for industrien.

52 Regjeringa Solberg legg opp til å forsyne norsk sokkel med enno meir kraft frå land,  
53 samstundes som dei ikkje ser potensialet som ligg i havvind, og som kan bli ein ny stor  
54 industri for Vestland og Noreg.

55 Arbeiderpartiet vedtok på landsmøtet i 2019 at vi ikkje skal bygge fleire kablar før  
56 konsekvensane er analysert for folk og industri. I tillegg vil landsmøtet nytte havvind for å  
57 elektrifisere oljeindustrien. Dette er politikk som bidreg til at industrien og forbrukarar ikkje  
58 får høgare straumprisar.

59 Som parti må vi ta tak i utfordringa og syne konkrete tiltak for å utvikle havvind som eit  
60 berekraftig og lønsamt alternativ til å elektrifisere norsk sokkel. Dette er særleg viktig då  
61 regjeringa sin strategi er å nytte elektrisk kraft frå land for å gjøre norsk sokkel klimanøytral.

62 Vi må sikre nasjonal kraftbalanse og forsyningstryggleik ved at etterspørselet etter kraft til  
63 ei kvar tid ikkje aukar meir enn tilgangen på kraft.

64 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 65 • føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert  
66 og klimavenleg næringsliv.
- 67 • vidareføre CO<sub>2</sub>-kompensasjonsordningen etter 2020 og utnytte handlingsrommet  
68 som EU/EØS gjev fullt ut. Dette er viktig for å sikre norske arbeidsplassar, og sørge for  
69 at industri ikkje blir flytta til land med mindre stram klimapolitikk.
- 70 • legge til rette for og utnytte vårt fortrinn i leverandørindustrien ved å nytte fornybare  
71 og framtdsretta energiressursar som til dømes sol-, vind- og vasskraft, samt biogass.
- 72 • jobbe for å auke «friintekta» i grunnrenteskatten for å utløse nye investeringar i  
73 rein, fornybar vasskraft.
- 74 • satse på dei unge ved å jobbe for eit nasjonalt løft for lærlingordninga og  
75 fagopplæringa. Desse ordningane må målrettast meir mot eksisterande industri og  
76 deira behov. Det må leggast til rette for at ufaglærte arbeidstakrar får tilbod om

77 fagopplæring gjennom praksiskandidatordninga og/eller ordninga med «fagbrev på  
78 jobb». Industriproduksjon vil i framtida vere kunnskapsbasert, og vil stille krav til  
79 kontinuerleg etter- og vidareutdanning.

80 • jobbe for at industrien i Vestland har konkurransedyktige rammevilkår som gjer det  
81 attraktivt å investere i denne landsdelen.

82 • krevje at den kraftforedlande industrien må sikrast lik tariff uavhengig om ein er  
83 tilkopla sentral- eller regionalnettet.

84 • ha fokus på forvaltning av vasskraftressursane slik at det i framtida vil vere grunnlag  
85 for meir miljøvenleg industriproduksjon i landet.

86 • utforme ein nasjonal strategi kring industriell framstilling og produksjon av hydrogen.

87 • utforme politikk og nasjonal strategi kring sirkulærøkonomi.

88 • følge opp og sikra at North Connect ikkje får konsesjon og at energilova blir endra.

89 • jobbe for å auke løyingane til rassikring og vegbygging i Vestland. Innbyggjarar og  
90 næringsliv i Vestland fylke fortener tryggare og betre vegar for å få transportert varer  
91 og tenester på konkurransedyktige vilkår.

92

93 **Framlegg til vedtak: Framlegget blir vedtatt, Framlegget blir send programkomiteen**  
94 **og Stortingsgruppa.**